

# SAKSLISTE OG FRAMLEGG TIL VEDTAK

---

Sakslista er i tråd med Årsmøtet sine oppgaver, jf. § 15 i Lov for Tambar skjelvar Idrettslag.

## SAK 1 - GODKJENNE DEI SOM HAR RØYSTERETT

Årsmøtet skal avklare kor mange medlemmar med røysterett som er tilstades ved starten av årsmøtet. Alle som har vore medlem av idrettslaget i minst ein måned, fyller minst 15 år det kalenderåret årsmøtet vert avheldt, og har oppfylt sine økonomiske forpliktingar til idrettslaget, har røysterett.

Årsmøtet er vedtaksført om det møter eit tal medlemmar med røysterett som minst svarar til talet medlemmar i styret, ihht. Idrettslaget sin lov. Om årsmøtet ikkje er vedtaksført, skal det kallast inn til nytt årsmøtet utan krav til minimumsdeltaking.

*Framlegg: Det er **XX** medlemmar til stades på Årsmøtet. Årsmøtet er vedtaksført.*

## SAK 2, 3 - GODKJENNE INNKALLINGA OG SAKSLISTA

Styret viser til innkalling 20. februar til årsmøte av på våre heimesider [www.tambar skjelvar.no](http://www.tambar skjelvar.no). Same dato vart årsmøte lagt inn som ei hending (arrangement) på Facebook sida til Tambar skjelvar IL. Annonseringa er i tråd med Idrettslaget sin lov.

*Framlegg: Innkallinga og sakslista vert godkjent*

## SAK 4, 5 OG 6 - VELJE

- a. Møteleiar

*Framlegg: Jan Magne Herstad*

- b. Referent

*Framlegg: Sigrid A. Førde*

- c. To medlemmar til å skrive under protokollen

*Framlegg: (to av dei frammøtte)*

## SAK 7 - GODKJENNE MØTEREGLANE

1. Årsmøtet vert leia av den møteleiaren som vert valt.
2. Protokollen vert ført av valt referent.
3. Ingen representant får rett til ordet meir enn 3 gongar i same sak. Unnatak gjeld presentasjon av årsmeldingar. Unnatak gjeld og innleiingsføredrag i høve sakslista med taletid 5 minuttar.
4. Møteleiaren kan korte ned taletida og setje strek for talelista etter behov.
5. Representantar som forlanger ordet til møtereglane har 1 minutt taletid.
6. Alle forslag skal leverast skriftleg til møteleiaren, og vere underteikna av representanten sitt namn. Forslag kan berre fremjast i saker som står på sakslista. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast tilbake og nye forslag kan ikkje settast fram etter at strek er satt, eller saka er teken opp til votering.
7. Med unnatak av lovendingar vert alle vedtak og val avgjort ved fleirtal av dei avgjevne stemmane. Om det vert nytta skriftleg val, tel ikkje blanke stemmesetlar og stemmane vert rekna som ikkje avgjevne.
8. I protokollen førast det inn kven som har hatt ordet i sakene, forslag og vedtak med tal stemmar for og imot.

*Framlegg: Møtereglane vert godkjent.*

## SAK 8 - HANDSOME IDRETTSLAGET SI ÅRSMELDING, IREKNA GRUPPEÅRSMELDINGANE OG MELDING FRÅ ANLEGG

Styret og gruppene har levert gode årsmeldingar for idrettsåret 2024. Styret og gruppene går gjennom sine årsmeldingar og arbeidsplanar, sjå Vedlegg 1.

*Framlegg: Årsmelding for Tambarskjelvar IL, gruppene og anlegg 2024 vert godkjent slik dei ligg føre.*

## SAK 9 – HANDSOME IDRETTSLAGET SIN REKNESKAP I REVIDERT STAND

Rekneskapsfører går gjennom rekneskapet, sjå Vedlegg 2, og revisor går gjennom revisjonsmeldinga, for Tambarskjelvar IL.

**Revisormeldinga skal inn her.**

*Framlegg (vert oppdatert): Årsrekneskapen 2024 for Tambarskjelvar IL hovudlaget som viser eit over/underskot på XX kroner vert godkjent slik det ligg føre. Totalrekneskapen 2024 for Tambarskjelvar IL som viser eit overskot på XX kroner vert godkjent slik det ligg føre.*

## SAK 10 - HANDSAME INNKOMNE FORSLAG OG SAKER

Det er ikkje meldt inn saker til årsmøtet frå gruppene. Styret fremjar 2 saker til årsmøtet.

### SAK 10.1- TAMBARSKJELVAR IL OG BRUK AV SPOND

I 2024 deltok vi på kurs Trygg på trening ([Trygg idrett](#)) med fokus på trenarrollen, varsling, politiattest osv. På den nyenettsida vår er det m.a. linka til varsling. Tambarskjelvar IL har i etterkant av dette diskutert m.a. idrettslaget sin bruk av Facebook i kontakt med barn (aldersbestemt). Styret ynskjer at gruppene skal bruke Spond i kommunikasjonen med barn ([Gratisappen for gruppe- og lagsadministrasjon / Last ned Spond](#)) og fjerne gruppene på Facebook.

*Framlegg: Gruppene/trenarar skal bruke SPOND i kommunikasjon med barn.*

### SAK 10.2 – VM I VEKTLØFTING 2025 - STØTTE FRÅ HOVUDLAGET

Tambarskjelvar IL er stolt medeigar i VM i Vektløfting 2025. Tambarskjelvar IL har fleire utøvarar som kan kvalifiseres til VM, og styret ynskjer å støtte utøvarane som kan kvalifisere seg til VM 2025 på heimebane. Vi vurderer at vektløftargruppa er best eigna til å vurdere fordelinga av støtta. Støtta føreslås til 100 000 kroner og er øyremerkta prestasjonsfremmande tiltak som behandlingar, samlingar, frikjøp frå jobb el. Styret skal ha innsyn i bruken av midlane.

*Framlegg: Det vert gjeve 100 000 kroner i støtte til Tambarskjelvar IL sine utøvarar som kan kvalifisere seg til VM på heimebane i 2025. Vektløftargruppa får fullmakt til å disponere midlane i tråd med øyremerkinga som er føreslått. Styret skal ha innsyn i bruken av midlane.*

## SAK 11 - FASTSETJE MEDLEMSKONTINGENTEN OG TRENINGSAVGIFT

Tambarskjelvar IL ynskjer å skape idrettsglede for alle og er oppteken av at våre avgifter ikkje hindrer deltaking. På idrettsforbundet sine sider finn vi mykje og god informasjon om korleis vi kan arbeide med dette temaet: <https://www.idrettsforbundet.no/tema/okonomi-som-barriere/>.

Barn: 50,-

Ungdom: 100,-

Vaksne: 200,-

Støttemedlem: 100,-

*Framlegg medlemskontingent: Satsane vert uendra.*

Treningsavgifta dekker kostnader for å kunne delta på trening og kamp i regi av Tambarskjelvar IL: Treningsavgifta er tilpassa det tilbudet du som medlem får, og varierer både på årstrinn og nivå.

*Framlegg treningsavgift: Årsmøtet gir dei enkelte særgruppene fullmakt til å fastsette treningsavgift.*

## SAK 12 - BUDSJETT 2025

Hovudstyret og gruppene går gjennom hovudtrekka i budsjettet, sjå Vedlegg 3.

*Framlegg: Tambarskjelvar IL sitt budsjett for 2025 vert godkjent slik det ligg føre.*

## SAK 13 - VAL

Til årsmøtet i Tambarskjelvar IL 2025 frå valnemda. Valnemnda har bestått av Bjørn Hundershagen.

### 13.1 STYRET

Styret har i 2024 bestått av:

Leiar: Siss-May Edvardsen. På val, attval 1 år

Nestleiar: Sigrud A. Førde. Ikkje på val, men fråtrer vervet

Kasserar: Anne Sofie Berntsen. På val, tek ikkje attval

Styremedlem: Athina A. Karipi. Ikkje på val, men fråtrer vervet

Styremedlem: Pål Arve Myklebust. Ikkje på val

Styremedlem: Janne T. Naustdal. På val, attval 2 år

Styremedlem: André Klingenberg. Ikkje på val

Vara: Regine M. Gausemel. Ikkje på val

Innstilling frå valkomiteen til nytt styre:

Leiar: Siss-May Edvardsen. Attval 1 år

Styremedlemmar:

Pål Arve Myklebust

Janne T. Naustdal

Andre Klingenberg

Regine M. Gausemel. Ny – vald for 2 år

Solveig Nesje Peersen. Ny – vald for 2 år

Jon Langeland Thomsen. Ny – vald for 2 år

Vara:

Sigr d Elise Slettehaug. Ny – vald for 2  r

*Framlegg: Styret vert vald i tr d med framlegget fr  valnemnda. Styret utanom leiar konstituerar seg sj lv.*

## 13.2 KONTROLLUTVAL

Styret legg fram sitt forslag til kontrollutval p   rsm tet.

Medlemmer:           Renate Aarseth Horstad. P  val – tek ikkje attval  
                          Mari S. Aamot: Ikkje p  val

Innstilling fr  styret til nytt kontrollutval:

Medlemmer:           Mari S. Aamot  
                          Iselin Eik s Stuhaug. Ny – vald for 2  r

*Framlegg: Valnemnda vert vald som f resl tt fr  styret.*

## 13.3 REPRESENTANTAR TIL TING OG M TER I DEI ORGANISASJONSLEDD IDRETTSLAGET HAR REPRESENTASJONSRETT

*Framlegg:  rsm tet gir styret fullmakt til   oppnemne representantane.*

## 13.4 VALNEMND

P   rsm tet i 2019 vedtok vi at styremedlemmar som g r ut av hovudstyret stiller seg til disposisjon for valnemnda i inntil 3  r.

Innstilling fr  styret til ny valnemnd:

Medlemmer:           Bj rn Hundershagen. Attval – 1  r  
                          Sigr d A. F rde. Ny – vald for 2  r  
                          Anne Sofie Berntsen. Ny – vald for 2  r

*Framlegg: Valnemnda vert vald i tr d med framlegget til styret.*

## Æresmedlemmer

Ivar Bruflot (1878-1968)

Ola Fimland (1906-1981)

Ingolv Eimhjellen (1906-2000)

Karl Hove (1887-1971)

Kåre Eimhjellen (1924-1992)

Halldor Herstad (f. 1930-2017)

Anders Sæle (1921-2006)

Gunnar Hage (f. 1935)

Erik Horstad (f. 1931)

Arne Grimseth (f. 1948)

Ola Standal (1925-2016)

Norvald Ospehaug (f. 1953)

Åsmund Berthelsen (f. 1952)

Bjørn Hundershagen (f. 1964)

Sturle Standal (f. 1960)